

NVE
Konsesjonsavdelinga
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Høyringsfråsegn: Søknad om løyve til bygging av Kråkeelvi kraftverk i Balestrand kommune.

Vi viser til NVE sitt høyringsbrev av 12.01.2015 og til konsesjonssøknaden med vedlegg som vi har fått tilsendt. Fråsegna er mellom anna basert på søknaden, info henta via nettet og eigen kunnskap.

Om Sogn og Fjordane Turlag:

Sogn og Fjordane Turlag (sjå www.turistforeningen.no/sognogfjordane) er eitt av Den Norske Turistforening sine 57 medlemslag, og fylkeslag for 15 lokale lag spreidd over heile fylket. Medlemstal ved siste årsskifte: 6.081. Kråkeelvi kraftverk ligg i Balestrand og Høyanger Turlag sitt arbeidsområde, sjå: <http://bhtur.no/>

Om friluftsliv i området:

Som det går fram av kart, mellom anna NVE-Atlas, går det ein umerka tursti oppover nordsida av Kaldagilet til stølen i Kråkeskaret. Frå stølen og vidare oppover dalen er det fleire ganske gode fiskevatn (sjå Miljøvurderinga), og dei vert brukte! Den øvre delen av dalføret er også tilgjengeleg via Eringsdalen i Høyanger kommune. Eringsdalen er sterkt prega (det er vel dekning for å seie rasert?) av omfattande kraftutbyggingsinngrep og ei stor kraftlinje. Dalføret langs Kråkeelvi, frå og med Isvotni og langt nedover, er tilnærma inngrepsfritt. Landskapet har fått Middels til Stor verdi i Multiconsult si Miljøvurdering. Det er ikkje mange landskap som får det! Dette betyr at sjølv om området ikkje er så mykje brukt, så har det likevel ganske stor verdi for friluftsliv, både for vanleg turgåing og fiske. Dei fleste brukarane er folk busette i Balestrand og Høyanger.

Kommentarar til utbyggingsplanane:

2.1 Hovuddata: Ei slukevne i intervallet mellom maksimum 205% og minimum 9,3% er i dag ei nokså normal vassutnytting. Det som er meir uvanleg (om enn kanskje ikkje når utbyggaren er Sognekraft AS?), er at utbygginga er konsesjonssøkt utan at det frå inntaket skal sleppast ein einaste dråpe minstevassføring. Det synest vi ikkje er akseptabelt!

2.2.1 Hydrologi og tilsig: I første avsnitt i dette punktet ser det ut til å vere feil i tala. Vi går ut frå at det er vassføringa ved kraftstasjonen som er sett for lågt.

2.2.2 Magasin, dam og inntak: Vi går **sterkt** mot all regulering av Isvotni. Grunngeving:

- Isvotni ligg i eit eige, fullstendig inngrepsfritt landskapsrom. Nabodalføret nordafor er sterkt prega av kraftutbyggings- og kraftlinjeinngrep. Vi meiner at det er viktig at det framleis vert verande att nokre inngrepsfrie "oasar" i desse sterkt inngrepsprega fjellområda.
- Isvotni ligg i Sårbart høg fjellsterreng. Etter vårt syn vil ei regulering vere klårt i strid med OED sine "Retningslinjer for små vannkraftverk". **Vi ber NVE vurdere konfliktnivået.**
- Regulering av Isvotni fører til stort INON-bortfall. Viss denne reguleringa vert fjerna frå prosjektet, vil INON-bortfallet som følgje av utbygginga bli sterkt redusert.



- Andre moment: Konsekvensutgreiingane for Eiriksdal kraftverk viser potensiale for funn av automatisk freda kulturminne ved Isvotni. Særleg gjeld det tangen som stikk ut i vatnet frå sør. Reguleringa vil også føre til konflikhtar med biologisk mangfald, inklusive fisk.
- Konklusjon: Ein meirproduksjon på berre ca. 2,2 GWh er ikkje stor nok til å forsvare dei negative følgjene av reguleringa av Isvotni. Fordelane med reguleringa er etter vår vurdering klårt mindre enn ulempane.

Slik vi tolkar konsesjonssøknaden med vedlegg, ligg også dam og inntak inne i Sårbart høg fjells-terreng. Vi reknar likevel konfliktnivået med Sårbart høg fjellsterreng som mindre for inntaksområdet enn for regulering av Isvotni. **Vi ber NVE vurdere konfliktnivået nærare under sluttsynfaringa.**

Viss det blir gitt konsesjon, ber vi om at det vert gjort avbøtande tiltak for å gjere inntaksdammen mindre synleg, sjå det som står om dette på side 27 i konsesjonssøknaden.

2.2.3 Vassveg: Vi har ikkje spesielle merknader.

2.2.4 Kraftstasjonen: Vi har ingen spesielle merknader, men går ut frå at det vert lagt vekt på god støydemping.

2.2.5 Vegbygging: Vi ber om at anleggsvegen langs røyrgata vert omgjort til køyresterkt terreng etter at anleggsarbeidet er ferdig. Vegen vil då framleis vere fullt brukbar som traktorveg, men den vil bli mindre synleg i terrenget.

2.2.6 Kraftlinjer: Vi har ingen spesielle merknader.

Kommentarar til verknadane av utbygginga:

Vi kommenterer her berre enkelte av punkta i konsesjonssøknaden.

3.1 Hydrologi: Om den fine fossen i Kråkeelvi blir det i konsesjonssøknaden hevda at: ”Den er kun synlig fra privat eiendom i dalen, og for de som går opp langs Kråkeelvi.” Denne påstanden stemmer ikkje. Fotomaterialet som følgjer konsesjonssøknaden viser at (den øvre delen av) fossen er godt synleg frå (ei anslagsvis 600 m lang strekning av) riksvegen. Om vi ikkje tek feil, er det busstopp på denne strekninga. Etter vårt syn er fullstendig tørrlegging av fossen (bortsett frå når det er flaum eller når kraftstasjonen står stille,) slik utbyggaren ønskjer, ikkje akseptabelt. Viss utbygginga skal bli akseptabel, må det om sommaren, minimum i perioden 15. mai – 15. september, sleppast ei minstevassføring på minimum 300 l/s. Resten av året må det, av omsyn til biologisk mangfald, mellom anna fossesprøytsone, sleppast 30 l/s.

3.4, 3.5 og 3.6: Miljøvurderinga i Vedlegg 7 viser at det er ein heil del konflikhtar. Sjølv om det ikkje er påvist raudlisteartar, er nokre av konflikhtane relativt betydelege. Viss reguleringa av Isvotni vert teken ut av prosjektet, vil fleire av konflikhtane enten bli sterkt reduserte eller fjerna heilt. Dette gjeld mellom anna INON (betydeleg konfliktreduksjon), fisk (truleg fullstendig konfliktfjerning), og anna biologisk mangfald (konfliktreduksjon).

3.7 Landskap: Miljøvurderinga i Vedlegg 7 i konsesjonssøknaden gir ein så god omtale av dei store konflikhtane utbygginga vil få med landskap, at vi ikkje har så mykje å legge til. Men vi vil nemne at tørrlegging av fossen i Kråkeelvi vil vere i strid med OED sine Retningslinjer. (NVE kan ”alt” om dette, så de forstår kva vi meiner.) Viss utbygginga skal verte akseptabel, må det etter vår vurdering om sommaren sleppast ei minstevassføring på minimum 300 l/s, slik at fossen framleis kan verte eit ”brukbart” landskapselement. Alternativt bør utbygginga avslåast. **Dette vurderer NVE!**

3.8 Kulturminne: Dette er ikkje vårt fagområde, men vi konstaterer at det er i tilknytning til reguleringa av Isvotni at ein har det største potensialet for store konflikhtar. Dette største konfliktpotensialet vil ein fjerne gjennom å ta regulering av Isvotni ut av prosjektet.

3.11 Brukarinteresser: Vi viser til det vi har skrive om dette først i fråsegna.

3.19 Samla belastning: Konesjonssøknaden gir ei god omtale av samla belastning når det gjeld utbygging av fossar som er viktige landskapselement. Av dei omtala 17 fossane i delområdet, er det ikkje mange att som enten er utbygde eller konesjonssøkte. Dette tilseier at Kråkeelvi kraftverk ikkje bør byggast ut.

Samandrag av Turlaget sitt syn på utbygginga:

Sogn og Fjordane Turlag går sterkt mot all regulering av Isvotni. Ei slik regulering i eit frå før fullstendig urørt høgfjellsområde, meiner vi er heilt uakseptabel. Sjå grundigare grunngjeving tidlegare i fråsegna.

Når det gjeld utbygginga frå inntaket og ned, er det konflikhtar med friluftslivet, men vi vurderer ikkje desse konflikthane som store nok til at vi – med dei som viktigaste grunngjeving – vil gå mot utbygginga. Men på andre område, særleg når det gjeld Landskap (spesielt tørrlegging av fossen bortsett frå når det er flaum), sumverknadar der dei fleste fossane i området enten er utbygde eller konesjonssøkte, og konflikhtar med OED sine Retningslinjer, er det klårt at det er mykje som tilseier at utbyggingssøknaden bør avslåast, subsidiært at det må stillast krav om ei ekstraordinært stor minstevassføring om sommaren. Desse viktige avvegingane mellom fordelar og ulemper ved utbygginga har vi tillit til at NVE vil gjere på ein god måte.

Sakshandsamar hos oss er underskrivne, tlf. 57 82 69 05, E-post: alvar-m@online.no.

Venleg helsing
for SOGN OG FJORDANE TURLAG
Naturvernutvalet

Alvar Melvær (sign.)